

## ÅRSMELDING 2005 FRÅ FYLKESTINGSGRUPPA VENSTRE

Valde representantar for perioden 2003 til 2007 i Fylkesting/Fylkesutval/Hovudutval/andre Fylkeskommunale utval/styre:

Namn	Utval
<b>Harald Lindvik</b>	Fylkestinget Fylkesutvalet Hovudutval for plan- og næring Styremedlem Fjord 1 – Fylkesbaatane Fylkesvalstyret 2003 – 2007 1. vara som utsending til KS landstinget Medlem Fylkesrådet for eldre
<b>Liv Henjum</b>	Fylkestinget Leiar i Hovudutval for samferdsle 1. vara til Fylkesutvalet 2. vara til Trafikktryggingsutvalet Utsending til KS landstinget 1. vara Vestlandsrådet Medlem styret for Nordfjord Folkemuseum
<b>Rolf Nesheim</b>	Fylkestinget Hovudutval for kultur 2. vara til Fylkesutvalet Medlem av distriktsprogramrådet NRK Sogn og Fjordane Vara til styre i Fjord 1
<b>Siv Langøen Rotevatn</b>	Fylkestinget Hovudutval for opplæring 3. vara til Fylkesutvalet 2. vara som utsending til KS landstinget 1. vara til Trafikktryggingsutvalet
<b>Arne Sølvberg</b>	Medlem i Fylkeslandbruksstyret Styret for Stiftinga Singerheimen
<b>Ottar Hov</b>	Medlem Kontrollutvalet
<b>Signe Nordvik</b>	Medlem Forbrukarutvalet
<b>Rune Iversen *</b>	1. vara til Fylkestinget 1. vara til Hovudutval for opplæring Medlem i Trafikktryggleiksutvalet
<b>Eva Ramstad</b>	2. vara til Fylkestinget (1. vara så lenge Rune Iversen har permisjon) 1. vara Hovudutval for kultur

<b>Jan Taule *</b>	3. vara til Fylkestinget (2. vara så lenge Rune Iversen har permisjon) 1. vara til Hovudutval for plan og næring Medlem i Trafikktryggingsvalet (så lenge Rune Iversen har permisjon)
<b>Gunnar Osland</b>	4. vara til Fylkestinget (3. vara så lenge Rune Iversen har permisjon) 1. vara til Hovudutval for samferdsle
<b>Janne Cathrin Aspheim</b>	5. vara til Fylkestinget (4. vara så lenge Rune Iversen har permisjon) 2. vara til Hovudutval for samferdsle
<b>Britt Grimelid Menes</b>	6. vara til Fylkestinget (5. vara så lenge Rune Iversen har permisjon) 2. vara til Hovudutval for plan og næring
<b>Jon Ove Lomheim</b>	1. vara til Hovudutval for opplæring (så lenge Rune Iversen har permisjon)
<b>Anne-Britt Andersen</b>	1. vara til Forbrukarutvalet
<b>Kåre Jarl Langeland</b>	2. vara til Hovudutval for kultur
<b>Torstein Tvinnereim</b>	2. vara til Hovudutval for opplæring
<b>Anne Erstad van der Vlugt</b>	1. vara til Fylkeslandbruksstyret
<b>Jorunn Nytingnes</b>	Vara Distriktsprogramrådet NRK Sogn og Fjordane
<b>Aslak Nyhammer</b>	Medlem Fylkesskattenemnda
<b>Marta Kvikne</b>	Sekretær Fylkestingsgruppa

\*Rune Iversen søkte på nytt permisjon og fekk godkjent denne frå oktober 2005 til august 2006. Varamannslista til Fylkestinget rykte automatisk opp. Rune Iversen var medlem av trafikktryggleiksutvalet og i hans stad er Jan Taule valt. Rune Iversen var også første vara til hovudutvalet for opplæring. I dette utvalet er Jan Ove Lomheim valt.

## Innleiing

Venstre i Fylkestinget har i 2005 hatt eit godt år sjølv om vi no er i opposisjon. Vi har samarbeid frå sak til sak med Høgre og Kristeleg Folkeparti og kan òg legge merke til at i budsjettethandsaming i desember var Framstegspartiet med. Vi registererer at Arbeidarpartiet og

Senterpartiet har tetta nokre hol, men framleis er det saker, særleg då i Fylkesutvalet og i Hovudutvala at dei to skil lag. Vi har nok likevel eksempel på at makta rår. Eit døme var siste forslaget til kandidatar til styre i Helse Vest RHF der dei to partia gjorde reint bord og oversåg fullstendig forslaget frå opposisjonen.

Fylkestingsgruppa har i 2005 hatt fem gruppemøte der vi stort sett har diskutert saker i Hovudutvala og saker til Fylkestinget. Det har i år vore svært mange delegasjonar, men dette har no vorte endra slik at delegasjonane har møtt alle partia i felles samlingar. Etter mi meining kanskje ikkje den beste løysinga, men delegasjonane har stort sett ikkje bedt om særskilde møter og dermed så er vel ordninga akseptert.

Den største saka i fjor må vel seiast å vere finansieringa av dei vidaregåande skulane, vidare arbeid med regionaliseringstanken og det vidare livet til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Og så ikkje minst debatten som Liv førde for å skaffe meir midlar til fylkesveganlegga våre.

Ei spesiell sak som underteikna har arbeidd mykje med er den maritime utdaninga ved Måløy vidaregåande skule – etterutdanning av mannskap på hurtigbåtane og nybygg for ferjesimulator.

## **Generelt om fylkeskommunen**

Kan også i 2005 meddele at Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde nok eit år med god drift.. Rekneskapsresultatet kjem ut med eit solid pluss – dette etter at vi nok ein gong kan registrere at administrasjonen har god styring – noko som gjev eit godt grunnlag for ein sunn økonomi. Lånegjelda har siste året auka frå 540 millionar til 700 millionar og den vil ytterlegare auke med dei investeringane som vi vedtok i budsjettet i desember med over 700 millionar. Dei store postane her er som tidlegare nemnt utbygging av dei vidaregåande skulane med om lag 470 millionar og samferdsle med til saman 154 millionar.

## **Fylkestinget**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama i 2005 i alt 53 saker. Det var fem Fylkestingssamlingar – ei ekstra i januar -.

**Den første Fylkestingssamlinga var på Rica Sunnfjord hotell i Førde 07.01.05** der sakene 1 – 6 vart handsama. Den viktigaste saka her var sak 2 som gjaldt fråsegn om streke regionar - forslag til ny regioninndeling av Noreg. Her understreka Fylkeskommunen på nytt at staten må desentralisere makt og oppgåver og at føresetnaden for desentraliseringa er at regionane får økonomisk handlefridom til å ivareta dei oppgåvene dei blir tilført. Målsetjinga må vere å auke folkevalt styring over den regionale utviklinga. Vidare sa Fylkeskommunen at ein finn det no ikkje formålsteneleg å drøfte dei konkrete modellane for regioninndeling som er lansert fordi framtidige regionar må vere basert på oppgåvene som regionane vart tillagt. Under sak 4 vart det gjeve fråsegn om "livskraftige distrikter og regioner". Sitat frå innleiinga: "Innstillinga frå distriktskommisjonen viser at det er mogleg med ein meir offensiv distriktsregional politikk. Innstillinga dokumenterer at Noreg har eit stort handlingsrom i distriktspolitikken. Det er opp til norske politikarar å ta heile Noreg i bruk, gjennom ei aktiv tilrettelegging for å utløyse det verdiskapingspotensialet som finst i alle deler av landet."

Venstre hadde eit endringsframlegg om at det måtte opnast for lokal fastsetjing av skatteører. Dette fekk 6 røyster og det var 32 som røysta mot.

**12.04.2005 var Fylkestinget samla på Fylkeshuset, Leikanger.** Tinget handsama sakene 7 – 15.

Under sak 7 var søknad om bompengar for rassikring av riksveg 55, Fatlaberget, mellom Sogndal og Leikanger handsama. Her hadde Venstre eit eige framlegg der vi sa at ”Fylkestinget tilrår at rassikringa på riksveg 55 ved Fatlaberget blir gjennomført med statlege midlar og ikkje ved bompengeinnkrevjing”. Dette punktet var det som kjent berre Venstre som røysta for.

Sak 8 omhandla fråsegn til Nasjonal transportplan 2006 til 2015. I denne saka markerte Venstre eit endringsframlegg som fekk 11 røyster – 28 røyster mot. I dette framlegget peika vi på styrking av rassikringsmidlane og store avstandar som det er mellom behov og ramme når det gjeld Riksvegrammer og at vegsektoren generelt må få auka midlar for å betre framkommelegheita.

Venstre hadde òg eit endringsframlegg saman med Kristeleg Folkeparti som gjaldt forslag til strekningsvise prosjekt, men dette framlegget fekk berre stemmene fra Venstre og KrF.

Under sak 12 vart oppretting av petroleumsråd i Sogn og Fjordane handsama og vart samråystes vedteke. Petroleumsrådet skal arbeide for å styrke Sogn og Fjordane som serviceleverandør til oljeindustrien i norsk og engelsk sektor. Petroleumsrådet skal ha fem medlemer og fylkesordførar skal vere leiar for rådet.

Sak 13 omhandla investeringar i kultursektoren i perioden 2005 til 2008 med prioriteringar. Det endelege framlegget her vart at Nordfjord kulturhus vart prioritert som nr 1, Sogn og Fjordane kunstmuseum nr 2, Norsk reiselivsmuseum nr 3 og Vest-Norsk bergkunstsenter nr 4.

**16.06.2005 var Fylkestinget samla på Rica Sunnfjord hotell i Førde.** Under denne tingseta vart sakene 16 til 26 handsama.

Under sak nr 20 vart litteraturformidling i Sogn og Fjordane handsama. Her vil eg særleg peike på punkt nr 4 i vedtaket som lyder slik: ”Sogn og Fjordane fylkeskommune reforhandlar leigeavtale med Bokbåten med sikte på fornying når denne avtalen går ut 31.08.05. Fylkestingsgruppa har jobba mykje med å få halde på tilbodet som Bokbåten gjev fylket vårt og til slutt lukkast vi slik at Bokbåten får halde fram.

Under sak 25 var nok ein gong det regionale nivået på Vestlandet sett på dagsorden. Denne gongen under tittelen ”Vestlandsregion eller vidare samarbeid”. Fylkestinget gjorde her eit vedtak, etter framlegg frå Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti, som fekk 34 røyster. Her vart det streka under nærleiksprinsippet for oppgåveløysing og at det finst mange mogelege grensedragningar og storleikar på ein eventuell framtidig region. Fylkestinget sa vidare at dei meiner at rådsmodell og einskapsfylkesmodell er interessante alternativ til regionmodellen og ber om at desse vert utgreia nærrare.

Eg kan vel leggje til at dette vedtaket som Fylkestinget gjorde i denne saka ikkje vart teke særleg godt imot lenger sør på Vestlandet.

Til slutt vart det under sak 26 streka under at Hydro må medverke sterkare i omstillingssarbeidet i Høyanger. Ein kan vel i ettertid sei at sjølv om staten er hovudeigar syner det seg at dette har lite å sei for samfunnsansvaret.

**Den 13.10.05 var det Fylkesting på Hotell Alexandra, Loen.** Tingseta handsama saken frå 27 til 36.

Sak 33 omhandla disponering av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane energi AS, oppretting av Holding AS – dette for å kunne stå sterkare i å kunne disponere noverande eigenkapital i samband med ei eventuell nedlegging av fylkeskommunen. Her vart Liv valt inn i styret saman med fylkesordførar og fylkesvaraordførar.

Fylkeskommunen står som eineeigar av selskapet og vil seinare kome tilbake korleis aksjane skal disponeras. Utgangspunktet er at dei skal kome innbyggjarane i fylket til gode på best mogleg måte.

Under sak 35 vart det etablering av Grunderpris for ungdom handsama. Prisen er på kr. 30.000 og skal delast ut første gong i februar 2006.

### **13.12.05 vart det halde Fylkesting på Fylkeshuset, Leikanger**

Tingsetet handsama sakene frå 37 til 53.

Den store saka her var sjølvsagt budsjetten, sak nr 43, som omhandla budsjett for 2006 og økonomiplan 2006 til 2009. Eg har tidlegare sagt noko om den Fylkeskommunale økonomien og om dei store sakene, men vil leggje til her at dette er kanskje det største investeringsbudsjettet Fylkeskommunen har hatt i nokon periode. Elles synest eg sjølvsagt at budsjettframlegg fra Venstre, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet var det beste. Vi la budsjettet opp slik at det var mogleg å få punktvis avrøysting og heldt faktisk på å få fleirtal for utbetring av vegen til Oddenalen med ein samla kostnad på 12 millionar. Det mangla 2 røyster. I ettertid har vår jobb i denne saka fått ein god del medieomtale, særleg då i avisas Fjordingen i Stryn.

Både under denne saka og under sak 42 som gjaldt Fylkesvegplan 2006 – 2009 la Liv, som er Hovudutvalsleiar for samferdsle, ned eit stort arbeid for å få auka rammene og for å få fram dei viktige vefsakene. Dette klarte ho på ein svært god måte. Vil sei det slik at grunnlaget er lagt for ein seinare vellukka resultat.

Under sak 41 vart Vestlandsregionen på nytt handsama, dette etter at alle høyringsuttalane er komne inn. Venstre, KrF, Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti hadde eit endringsframlegg i denne saka der vi meinte at høyringsfråsegner ikkje gav tilstrekkeleg grunnlag for å arbeide vidare med regionspørsmålet no. Vi meinte det var naturlig at spørsmålet vart handsama som ein del av regionreforma regjeringa Stoltenberg har varsle. Og vi streka under at det eksisterande samarbeidet i Vestlandsregionen må vidareførast og styrkjast. Vedtaket fall med 14 mot 25.

Det er likevel eit klart fleirtal i Fylkestinget, som meiner at desentralisering av statlege oppgåver må på plass før fastsettjing av geografisk grense for nye regionar vert fastlagde. Så får vi sjå korleis dette utviklar seg i høve til at dei direkte folkevalde regionane skal vere etablert seinast innan 1. januar 2010 i følgje Soria Moria erklæringa.

Under sak 9 vart ferjesimulator ved Måløy vidaregåande skule, tryggleikssenter handsama – ei god Venstre-sak.

Sak 53 – redningshelikopter på Basen på Nord-Vestlandet må snarast bli operativ snarast kom opp som ekstrasak etter framlegg frå Fylkesutvalet. Denne saka kjenner vi i Venstre godt og vi får berre håpe at den får eit godt utfall for fylket vårt og for folk som ferdast både langs kysten og elles i vår vakre natur.

Ha eit godt årsmøte!

Florø, 07.02.06

for Venstre si Fylkestingsgruppe

Harald Lindvik  
-gruppeleiar-